

INFORMASJON

HYRDINGRØYSTA

NR. 4/2024

DESEMBER

Grunnlagt 1938

85. årgang

ANDENS LOV
SOM GJERLIV
HAR I KRISTUS
GIORT OSS FREI

NOKO ER
I GJOD
SOM
GAV OS DEN

*Gledelig
jul!*

Redaksjonen har ordet



Mørketid, juletid, julefred, uro

MØRKETID: Sola har større og større problem for kvar dag med å halde det lyst, fleire og fleire timar av døgnet ligg skjult i mørke. Kva gjer vi på i denne årstida? Det er store forskjellar på oss, korleis vi taklar denne tida. Nokre tek fatt i den og gjer det dei elles i året ikkje har fått gjort, eller det som ikkje har passa å gjere elles i året. Nokre dreg til varmare strøk for å nyte den tida på dagen som er lys og fylt med sol. Nokre sukkar og snakkar om den mørke tida frå hausten og fram til jul. Ja, det er mørkt på denne tida, men den mørketida kan nyttast til å skape lys på andre måtar enn lyse dagar. Ein er ferdig med å luke i hagen i alt slags vør, og kan få tid til å vitje vener, lese den boka, trene, gå på kino, gå på konsertar, ja til og med gå i kyrkja, det er og lys, lys saman med andre.

JULETID: Så kjem jula med masse lys både inne og ute. Eit lys som vi bør vere svært glad for. Men er det rett, alt det lyse ein omgjev seg med i jula? Fine juletre, lysande stjerner, glitter og glans både ute og inne. Ein kan vel ikkje seie at lys vert feil, men det kan verte for mykje lys og. Ein ser det ein treng å sjå, trur ein. Men kan hende ser ein òg det ein ikkje vil sjå. Alle skal vere glade i jula, men alle kan ikkje vere glade, for det er ei årstid som alle andre, med dei gleder og sorgar som dukkar opp.

JULEFRED: Ordet julefred føler eg gjer noko ekstra med livet. Det er ein fred fordi ein har fri, det er ein fred fordi ein avsluttar eit år på både godt og gale, og blar om til eit nytt og ubrukt år. Det er ein fred fordi julehøgtida har ein bodskap som på fleire måtar treffer mange av oss, om vi trur på den eller ikkje. Held likevel julefreden på å rakne? Nokre startar det dei meiner er jul alt om hausten. Andre blir for mykje åleine. Nokre blir for mykje i lag. Måten er ikkje god å treffe, ikkje ein gong når ein snakkar julefred.

URO: Kvar dag, kvar time, ja kvart minutt vert vi mint på den uro som er i verda i dag. Vi er nett ferdig med ein valkamp i USA som ikkje hadde nokon hyggeleg ordbruk. Vi blir kvar dag mint på alle dei stadar i verda der ein har mykje uro, og ikkje veit kva skjer. Ja, vi blir til og med mint på all den uro som er i eige land, eige område. Det fører til at mange til kvar tid føler ei sterk uro i seg sjølv.

Lat oss nyte MØRKETIDA, JULETIDA, JULEFREDEN, for å dempe den uro ein blir mint på kvar dag.

Redaksjonen v/Hildegunn Huus

KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

☎ 57 82 81 80

Ope tysdag 9-15: Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post: jolster@sunnfjordkyrkja.no
www.kyrkja.no
www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57 82 81 80

epost: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:

Nils Gjerland, leiar ☎ 950 74 007

Ålhus sokn:

Annette Slåtten ☎ 971 21 363

Helgheim sokn:

Hildegunn Huus ☎ 417 58 462

Fungerande sokneprest

1. nov. 24 – 31. mai 25
Geir Sørebo ☎ 957 29 172
epost: gods@online.no

Kantor

Rune Molvik ☎ 991 27 430
epost: rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no
Kontortid tysdag kl. 9-15

Kyrkjelydspedagog

Silje Sørebo ☎ 473 99 492
epost: silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Trusoppplærar:

Gerd Sunde Førde
epost: gerd.forde@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdag kl. 9-15
epost: post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeverje Sissel Vartdal

☎ 489 91 257
epost: sissel.vartdal@sunnfjordkyrkja.no
Kontortid etter avtale

Ass. kyrkjeverje og økonomileiar

Trond Herløvsund ☎ 489 58 086
epost: trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar

Ingvar Vagstad ☎ 911 38 732
epost: ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjegardsarbeidar/driftsleiar

Helge Ardal ☎ 976 49 016
epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

ÅLHUS KYRKJE/VASSENDEN KYRKJESENTER

Kyrkjetenar/reinhald:
Aman Beyene ☎ 998 65 659

Klokkar dugnad etter liste

HELGHEIM KYRKJE

Kyrkjetenar/Klokkar:
Solrunn Dvergsdal og Karen Elise Erikstad
Reinhald: Aman Beyene

Utleigenummer Misjonshuset på Skei
☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter
☎ 971 20 085

HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

Prost i Sunnfjord, Knut
Magne Nesse.

ANDAKT

KNUT MAGNE NESSE, prost i Sunnfjord

DEI FEKK IKKJE PLOSS

I 2021 kom første smakebit av *Bibelen lett å lese*. Då vart ei ny utgåve av Lukas-evangeliet gjeve ut. Utgåva hadde fokus på korte setningar og allmenkjende ord. Juleevangeliet lyder slik:

«Medan dei var i Betlehem, bende det: Tida var komen, og ho skulle føda. Og ho fødte sonen sin. Han var det første barnet ho fødte. Ho la eit teppe rundt han. Så la ho han i ei krubbe, i høyet til dyra. For dei fekk ikkje plass der menneska sov.»

Her er det lett å forstå korleis det var då Maria og Josef kom til Betlehem og Jesus vart fødd. Det var ikkje plass til dei.

I Bibelen 2021 står det fylgjande:

Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje busrom for dei. (Luk 2, 6-7)

Når det ikkje er busrom, så tyder det altså at det ikkje var plass der menneska sov.

Ei julafta var det familiegudsteneste. Presten var i gang med å lese juleevangeliet, så kom han til der det står: «for det var ikkje busrom for dei»... Då var det ein liten gut som sa hogt: «Slik kan det ikkje vere!» Folk klappa

og tykte guten var morosam. Dette inspirerte presten og han la spontant til: «Etter Jesu fødsel skal det vere busrom for alle! Som om englene hadde skrevet med lysende skrift på himmelen den natten! Gjestfribeten er kommet til jorden. Ingen er lenger alene.»

Ordet rom, som vi bruker på norsk, kjem frå indoeuropeisk med tydinga «ope land, vidde eller rom». På engelsk brukar dei ordet «space», som har si rot frå latin «fritt område, spaserplass». I Juleevangeliet handlar det om at det ikkje var plass til jesusbarnet. Men når det gjeld Jesus Kristus i vår verd og i vårt liv så er spørsmålet om vi gjev han rom. Det handlar ikkje om tak over hovudet eller eit rom i huset. Den jødiske filosofen Martin Buber skriv i ei av sine forteljingar om ein rabbi som hadde nokre lærde menn som gjester. Han spurde: – *Kvar bur Gud?* Dei lo og sa til han: «Verda er full av Guds berlegdom». Men rabbineren svarte på sitt eige spørsmål: «Gud bur der han vert invitert inn!»

No må ein vel rekne med at det å gje rom for Gud; Faderen, Sonen og Den heilage ande, det vil vere ei utfordring. For han krev litt plass. Jesus seier om far sin:

«Det Far min har gjeve meg er større enn alt anna, og ingen kan riva nokon ut or banda åt Far min.» (Job 10,29)

Men framfor alt handlar jula om at Gud har plass til oss. Den spontane presten sette ord på dette: «Hos Gud skal det vere busrom for alle, gjestfribeten er kommet til jorden og ingen er lenger aleine.»

I ungdomstida mi var det ein flink forkynnar som ofte var med oss ungdommane. Ein gong hugsar eg han sa at det er eit rom i Guds hus for akkurat deg. I det rommet står bøkene eg liker å lese, gitaren min, det er innreda og laga til for akkurat meg. Eg syns den måten å sjå det på er fin, for eg treng å vite at det er rom og plass for den eg er hos Gud.

Han heldt ofte Bibelen i handa då han fortalde, opna den og las høgt – og denne gongen frå Johannesevangeliet i det 14. kapitlet:

Lat ikkje hjartet dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg! I huset til Far min er det mange rom. Var det ikkje slik, hadde eg då sagt dykk at eg går og vil gjera klar ein stad til dykk? Og når eg har gått og gjort klar ein stad til dykk, kjem eg att og tek dykk til meg, så de skal vera der eg er. (Joh 14,1-3)

Med ynskje om ei god og velsigna jul!

HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon.

Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året. Betalinga er frivillig. Annonsøren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år.

For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast. Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703.30.09225. Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

Hildegunn Huus
Ingrid Søyland
epost: hildegso@online.no
soyland.ingrid@gmail.com

Neste utgåve
kjem før påske

FRIST

Frist for stoff til
Hyrdingrøysta i 2025:

Påsknr.: 10.mars
Sommarnr.: 25.mai
Haustnr.: 1.september
Julenr.: 20.november

I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)



Møte med eit dikt / ein diktar

Eg fekk spørsmål om eit dikt eg var glad i. Då gjekk tankane fort til eit dikt av bestemora mi, Malmfrid Lunde. (f.1901 - d.1976).

Tekst: SOLFRID SØGNESAND

Ho var lærarinne, bondekone, om sommaren også vertinne for mange turistar som kom til Lunde Turiststasjon. Så ho hadde mange oppgåver og vart ikkje så fort arbeidslaus.

Bestemor var og svært glad i å skrive. Ho skreiv bøker, mange forteljingar og mange dikt.

Eg hugsar godt den siste gongen bestemor var på besøk hjå

oss i heimen vår på Sognesand. Det var ei veker tid før den yngste søstera mi skulle konfirmerast. Det vart fortalt og prata om ein fin kjole, som var kjøpt til konfirmanten til denne dagen.

Bestemor ville så gjerne få sjå kjolen, men mor meinte at ho kunne vente til ho fekk sjå den neste søndag på konfirmanten. Men bestemor ville ikkje slå seg til ro med det, ho bad så fint om å få sjå den, så då vart kjolen henta ned i stova og ho fekk sjå kor flott den var.

Ein dag i denne veka før konfirmasjonen vart bestemor brått og uventa dårleg.

Mi kjære bestemor døydde frå oss.



Solfrid Sognesand.

Ho hadde vore ei snill og god bestemor som alltid tok imot meg med fine ord når eg kom på

besøk. Så Lunde har alltid vore ein god stad å komme til.

Om det no er lenge sidan bestemor gjekk bort, så er det framleis godt å komme til slekta på Lunde, – no til Atle Lunde m/familie.

Bestemor skreiv mange dikt, men no må det bli eit av dikta ho skreiv om jula. Om arbeid og strev, om gleda over å få samlast på julekvelden og i julehøgtida. Den trygge trua om eit barn som vart født, som låg i ei krybbe i ein stall, så «han far kan ta fram den heilage bok» og lese Juleevangeliet!

Med dette diktet vil eg få ønskje alle ei fredfull og god julehøgtid!



JOL

av husmor Malmfrid Lunde

Enno ein gong skal vi pynta til fest
i heimen hjå far og mor.
Vi ventar så høg ein jolegjest
til naudstadde, syndige jord.
Han kjem og i år med bod om fred
til krigsherja land og til alle som bed
om hjelp til å gå slik ein klungerstrødd veg
som ligg framfor deg og meg.

Vi tek mot gjesten i år som i fjor.
Vi vaskar kvar krå så rein.
Ho mor ho strevar med gleda stor
frå morgon til kvelden sein.
Han far er også så lett i hug
og hjelper så mykje han berre dug.
Det er slik annsemd du kan bli or.
Dei små gjer og sitt: Dei tyt og spør.

For syster og bror er ventande heim.
Å du, som ho mor er glad!
Og far tek borna og syng for dei
eit eldgamalt jolekvad.
Dei må ikkje vera i vegen her,
for no er jolekvelden så nær.
Syster og bror kjem truleg i dag.
Så skal dei i år og få festa i lag.

Og kyrkjeklokka ho ringer inn
jola i år som i fjor.
Ho mor og han far med borna finn
sin plass utpå bakken nord.
Der har dei stade kvar jolekveld
og høyrte på det fagre tonevell
som helsar vår gjest frå kyrkjetårn.
Velkomen, velkomen til oss, dine born.

Og far finn handa til mor så stilt.
Dei saman inn døri går.
Så set dei seg alle kring bordet gildt
og metten sin god dei får.
Han far tek så fram den heilage bok
og les om barnet som på seg tok
frå dom og død å få ut oss løyst.
Han les det med alvor i røyst.

Ho mor hev lært dei små å be.
Dei læser hendene små,
med far takkar Gud at han sende ned
sin son, så vi frelsa kan få.
Så lagar dei ring i år som i fjor
og fyller stova med song i kor.
Og Gud ser med hugnad i stova ned
og fyller kvart barn med sin trygge fred.



Grindbyggerar.

Grindbygg ved Helgheim kyrkje

For nokre år sidan vart det gjort eit stort arbeid ved vatnet sørvest for Helgheim kyrkje. Området vart bygd opp med gråsteinsmur mot vatnet, fylt opp med stein, pålagt jord og sådd.

Tekst: HILDEGUNN HUUS
Bilete: HILDEGUNN HUUS og
STEINAR DVERGSDAL

Dessverre fekk ein ekstra arbeid med området for ei tid tilbake, då eit uvær vaska ut litt av fyllinga, men det meste er retta opp. Fri-luftsområdet gjev mogelegheit for avslapping, fiske og bading. Det var planen heilt frå starten av å få opp eit grindbygg som gjev litt ly, om ein tek turen på ein uvørsdag.

Området blir mykje nytta, spesielt av turistar, men bygdefolk

som vitjar kyrkjegarden brukar òg området. Det er ei flott utsikt over Jølstravatnet, både austover og vestover.

Det har teke si tid å få det ferdig, men no står bygget der.

Heile prosessen med å få til grindbygget har vore på dugnad. Arbeidet har vore utført i etappar. Laurdag 9. november 2024 kunne leiaren for arbeidet, Steinar Dvergsdal, sette seg godt

til rettes på ein benk i det ferdige grindbygget og nyte utsikta. Både han og Helgheim Sokneråd sender ein stor takk til dei som har vore med på arbeidet i ei eller anna form.



Siste dugnadsgjengen.



Ferdig grindbygg.

Utfordring, forskning, løysing

Erlend Slåtten er dagleg leiar i firmaet Slåtten grind & laft, som har som hovudfelt å restaurere og rehabilitere eldre og nyare tradisjonsbygg, og å lage kalkylar og rapportar på eldre bygg til søknadsformål.

Tekst: INGRID SØYLAND
Bilete: ERLEND SLÅTTEN

Erlend er utdanna tømrar. I starten arbeidde han mykje saman med faren, Halvor, som rehabiliterte gamle bygg. Han oppdaga fort at dette var meir interes-

sant enn å bygge nytt. Han fortel at noko av det første han var med på, var å restaurere fire stavkyrkjer her i gamlefylket; Borgund, Undredal, Urnes og Hopperstad. Det →

*Arbeid på Borgen.
Totalrenovering av
alle hus i Astruptunet.*



→ var eit interessant arbeid – dei restaurerte bygga frå fundament til tak, og fann mykje å forske på. Til dømes takspone på Borgund-kyrkja; dei var hogde, og dermed måtte materialet til desse vere av heilt beinvakse tre av grove dimensjonar og utav rein kjerneved. Dei reiste fylket rundt for å finne eigna materiale, då dei fleste tre vrir seg. Nokre få prosent rettar seg og vert beinvaksne, og kan brukast til takspone – om dei også er store nok!

På Urnes og Hopperstad var takspone saga og like, der kunne dei enklare byte dårlege sponar. Men på Borgund var det å kløyve til ein og ein takspone og hogge den skrå med øks. Og på taket vart det bytt ein og ein spon lik den gamle. Til å emne til takspone til kyrkjene vart fem pensjonistar hyra inn. Det var litt av eit arbeid dei tok på seg- men også sosialt og lærerikt, som for alle som arbeidde med restaureringa.

Gamle bygg gir ymse utfordringar, som røteskader, skeive vinklar og uventa vanskar. «Fukt er den største arbeidsgjevaren her på Vestlandet», seier Erlend. Det er spennande å spekulere, forske og finne løysingar på alle utfordringar – og alltid med stor respekt for det forfedrane har gjort for opptil tusen år sidan. På kyrkjene kunne dei ta av ein takspone og sjå og dokumentere ting ingen andre har sett; kor slitne profilane på taket er, til dømes, og at kyrkja var bygd som om ho ikkje skulle ha takspone, men dei kom opp ganske fort for å verne konstruksjonen. Arbeidet er ei form for arkeologi, og må gjerast med største varsemd. Dei har òg funne ting frå vikingtida, som eit øksehovud og eit par ringspenner av jern i hus i Jølster.

Slåtten grind & laft er nett ferdige med å restaurere bygga i Astruptunet - eit stort og



Økser i nytt bolverket med Mølla i Offerdal i bakgrunnen.

spennande oppdrag. Samarbeid mellom snikkarar, forskarar, murarar, gartnarar, arkitektar og rådgjevarar er store løft og gir meningsfylt læring for alle partar.

I Offerdal driv Slåtten Grind & laft med restaurering av eit sagbruk med 11 bygg, og i Førde er dei i gang med å rehabilitere Ulltanghuset, det første trykkeriet til avisa Firda. Det er løyvt midlar til å gjere huset om til museum – få inn gamle trykkemaskiner mm.

Det er eit evig interessant yrke han har valt, kan Erlend fortelje. Dei oppdagar alltid noko nytt, det er alltid utfordringar, og ein må finne kreative løysingar. Sist, men ikkje minst: Folk blir glade av å ta vare på gammal historie. Han har berre positive oppdragsgjevarar. Berre hyggelege kundar!



Kun dårlege takspone vart bytta på Borgund stavkyrkje.



Nytt lafta bolverk på oppgangsgaga i Offerdal.



Reparasjon av absis på Borgund stavkyrkje

Konfirmantane i Helgheim sokn 2024



Framme frå venstre: Niclas Fonn, Andreas Befring, Simone Forde Teigen, Maria Klakegg, Raket Myklebust, Lars Edvin Holgersson.
Bak frå venstre: Silje Sorebø, Nora Gåsemyr Helgheim, Ada Halland Eide, Ludvik Sunde Forde, Andreas Dvergsdal, Kasper Husetuft Flatjord, Aleksander Styve Erikstad, Peder Dvergsdal Lothe, Eline Solheimsnes Sægrov, Isabella Cardenas Fugle.

Konfirmantane i Ålhus sokn 2024



Framme frå venstre: Thea Klævold Kjempenes, Alida Hansen Hårklau, Caroline Varpe Gjesdal, Emma Felde Forde, Julie Fosheim Lykkebo, Nils Sele Marifjæren, Ola Flugkvam Tonning, Emma Vee, Marius Stensaker Brandal, Lisa Nel Chapman.

Bak frå venstre: Minda-Angelica Helmen Flølo, Gaute Gjesdal, Niklas Svalheim, Oddvar Storøy, Syver Eikås, Ansgar Eikås Tansøy, Johannes Svidal Myhren, Håvard Mangersnes, David-Alexander Bill Reynirsson, Tindre Smaadal, Cyprian Lakomy, Silje Sorebø. Nicolai Eric Goosen, konfirmert på Ålhus, er ikkje på biletet.

50 års konfirmantar i Ålhus sokn



Framme frå venstre : Aud Svarthe (Rokke), Kjellrun Gjesdal, Heidi Lyngstad, Eli Gjesdal (Hjelmbrekke), Målfrid Flaten (Bruland), Aud Karin Strand (Skalde). Bak frå venstre: Åsmund Berg, Bjarne Fjellkårstad, Jens Berg, Frank Gjesdal, Helge Øvrelid, Helge Myklebust, Jøran Aalhus, Halvar Flatabo.

50 års konfirmantar i Helgheim sokn



50 års konfirmantane var samla helga 8.-9. juni (?). Laurdags kveld hadde dei sosialsamling på Skei Hotell, og søndag deltok dei på gudstenesta i Helgheim kyrkje. Bak frå venstre: Olaug Havnen, Ola Kongsvik, Birger Fugle, Anders A. Forde Framme frå venstre: Sveinung Klakeg, Id Sofie Dvergsdal, Ola Fugle, Rune Heggheim, Magnar Årdal, Margun Forde. Tekst og foto: Hildegunn Huus

Klokketårnet på Vassenden gravplass

Tårnet på gravplassen stod der så trist og venta på at nokon ville sjå om det, og ein kunne mest høyre det kviskre: «Sjå på meg, kor målingslite eg er, og kor morken kledningen min er, - og jammen er delar av stokkane nedst i ferd med å rotne, og det same gjeld golvet. Døra treng å bli pussa opp, og likeins glaset oppe i tårnet. Ja, heile meg treng hjelp!»

Tekst og bilete: LAILA AVEDAL STØFRING

Klokketårnet har ei tid mangla omsorg og vedlikehald, og mange har nok både sett og tenkt at det var på tide å vøle det. Det er kjent og kjært der det står, og det set sitt preg på, og har eit verde for gravplassen og for folket i Vassenden-området.

Styremedlem Sverre Gjesdal tok initiativ til eit møte med Sunnfjord kyrkjelege felleråd og soknerådet, og det vart bestemt å setje i gang opprusting.

Vinteren -24 vart det utarbeidd eit kostnadsoverslag som fellerådet godkjende. Sverre hadde allereie fått lovnad på ein god gjeng som gjerne ville vere med å setje tårnet i stand. Halvor Slåtten, Bjørn Støfring, Reidar Svalheim, Finn Haugsdal, Sverre Gjesdal og Erlend Slåtten utfører arbeidet på dugnad, og fellerådet dekkjer materialkostnadene.

Det vart bestilt kledningsmateriale av god lokal furu frå Eikås sag. Materiala vart tørka og måla med tre strok linoljemåling etter alle kunstens reglar, i den nye laftehallen på Slåtten hjå Halvor og Erlend.

På hausten vart ein del av den gamle kledningen riven, slik at dei fekk vekk det morkne golvet. Det som var rote på ramma vart fjerna, nytt trevirke vart felt inn, og ny ramme vart montert. Resten av kledningen vart riven og den nye sett opp.

Været vart etter kvart så vått at arbeidet på toppen av tårnet vert utsett til våren-25. Då skal heile klokketårnet få eit nytt strok måling, og eit nytt, fint kors kjem på plass.



Kyrketårnet under rehabilitering.



Arbeidskarar.



Ensemble Nordlys, Arne Sølvberg og Oddgeir Bruaset under konserten i Vereide kyrkje i Gloppen eit par dagar før konserten i kyrkjesenteret. Begge foto: Inger H. Aske Lothe / Firda Tidend.

«Der ingen skulle tru at nokon kunne bu»

Ein mektig konsert i fullsett kyrkjesenter. Søndag 10. november fekk vi høyre ensemble Nordlys saman med Oddgeir Bruaset og Arne Sølvberg, i song, musikk og forteljing.

Tekst: INGRID SØYLAND

Det var nok ein del tårevåte auge å sjå då Oddgeir Bruaset las frå bøkene sine om folk som bud-

de på desse «utrulege» stadene. Det er historier om levd liv i nær fortid - spennande, artige, rorande og tragiske – heile registeret. Mellom desse fekk vi songar og musikkinnslag som på ulikt vis hovde saman med tekstane, utført av dyktige songarar og musikkarar. Publikum kunne fare heim i takksemd og metta på inntrykk. Det var ei høgtidsstund.



Oddgeir Bruaset las frå egne bøker om folk og dei utrulege stadae dei hadde valt å bu. Øyvind Lyslo med gitaren.

Bli ein av oss

- Eg gler meg til kvar vakt. Å gjera noko for andre gir livet mitt meining.

- Frivillig i Kirkens SOS

Les mer og søk på: kirkens-sos.no/frivillig

Jazz på Jølst - kyrkjene i Jølster er ò

Jazz på Jølst vart avvikla 10. – 13 oktober. Både Helgheim kyrkje og Vassenden kyrkjesenter var jazz-arenaer, og begge på søndag den 13. Eg som skriv dette, håpar ein ser kor godt kyrkjene høver som konsertlokale til konsertar der ein vil sette seg ned og nyte.

I Vassenden kyrkjesenter var det ordinær gudsteneste med sterkt jazzpreg.

Det var kor som var med på salmane, og kultursjefen i Sunnfjord kommune, Anita Nordheim, var med og hadde med seg fleire blåseinstrument og eigen pianist. Opplegget i kyrkja denne dagen var fellesgudsteneste for sokna i Sunnfjord kommune. Prosten i Sunnfjord heldt preika, der han fleire gonger kom inn på det som var sagt om Audun Hugelikson på jubileet. Så ein fekk både ei gudsteneste med jazz i jazz-helga, og ein vart mint om 750-årsjubileet som vi feira i september.

I Helgheim kyrkje hadde Jazz på Jølst verkeleg

slått på stortromma og fått Iver Kleive og Knut Reiersrud til å

halde avslutningskonserten for jazzfestivalen. Det var ei fullsett kyrkje som tok i mot utøvarane, og publikum fekk verkeleg valuta for pengane.

Det var variasjon over salmar som Reiersrud og Kleive spelar mykje av. Då dei sette i med siste salme, fekk undertekna same følelsen som eg fekk første gongen eg hørde den med dei. Den gongen dryssa støvet frå taket i Kongsberg kyrkje, og det kribla i heile kroppen, jammen skjedde det same i Helgheim kyrkje. Utøvarane var gode, men så hadde dei òg ein verkeleg god lyd- og lysmann.

Tekst: HILDEGUNN HUUS
Bilde: STEINAR DVERGSDAL
og fotografen til Jazz på Jølst




Knut Reiersrud.



Iver Kleive og Knut Reiersrud.



Anita Nordheim med saksofonen.



Ei sann førjulshistorie

Vi les, men mest hører, om alle som har det trøgt økonomisk i våre dagar. Og det er tragisk for dei det gjeld, men eigentleg for oss alle. Det er ikkje nokon trøyst i at det alltid har vore skilnader på kva folk har hatt å overleve av.

Tekst: HILDEGUNN HUUS

Går ein langt nok bak i tid, var det ikkje nokon organisasjon eller det offentlege ein kunne gå til om ein hadde lite eller inkje. Nei, ein måtte stole på hjartelaget til dei rundt seg. Mor mi, som var fødd i 1924, fortalde ei lita historie som har surra i hovudet mitt.

Mor mi vaks opp på ein gard i Jølster. Gardane i Jølster verken er eller var

store, men det var likevel husmannsplassar, som dei kalla det, under gardane. På plassane var det ei lita stove eller eit skur og ein liten jordflekk, ikkje mykje å leve på. Var ein heldig, kunne ein få litt sporadisk arbeid. På ein slik plass nær heimen til mor mi, budde det eit par som hadde lite eller ingenting å leve av, om dei ikkje fekk noko sporadisk arbeid.

og andre arenaer



Iver Kleive.



For høvet var det også kor som var med på salmane

Andre samlingar som passar å ha i kyrkja



Guro Årdal og Silje Sørebo hadde samtale i Helgheim kyrkje laurdag 2. november om dei vonde kjenslene. Det var godt oppmøte, og ein fekk inntrykk av at det var eit viktig tema. Guro er psykolog, og kunne gi erfaringsvar på mange typar problem som opptek dei fleste av oss.

Ein kunne ikkje forvente å få klare svar, for vi sat nok med ulike forventningar, men vi fekk mange tankar som sikkert har sitt utspring i det ho jobbar med i praksis, og som kan hjelpe oss litt.

Tekst: HILDEGUN HUUS Bilde : STEINAR DVERGSDAL

Tradisjonen var slik på mange gardar i Jølster før, at ein baka flatbrød i store mengder, to til fire gonger i året.

I god tid før jul eit år var det stor «bakstedag» på garden der mamma vaks opp. I løpet av dagen gjekk ei plasskone forbi tunet fleire gonger, både for å frette nytt som ein gjorde på slike «bakstedagar», og med eit håp om å få smake på baksten. Bestemor var eit hjelpesamt og raust menneske. Ho forstod straks at plasskona ikkje hadde det så greitt i denne førjulstida.

Bestemor tok ein heil brødleiv, bretta den, gav den til plasskona og sa: «Her skal du få smake nybake flatbrød». Plasskona tok i mot brødet med takk, putta det under trøya og sa: «I dag skal mannen få skikkeleg brød å ete», og så gjekk ho.

Bestemor tok ein heil brødleiv, bretta den, gav den til plasskona og sa: «Her skal du få smake nybake flatbrød». Plasskona tok i mot brødet med takk, putta det under trøya og sa: «I dag skal mannen få skikkeleg brød å ete», og så gjekk ho.



JUBILEUMSGUDSTENESTE

LANDSLOVJUBILEET PÅ ÅLHUS



Aktorane og ordførarar.

Heilt fullsett Ålhus kyrkje. Åtte medverkande i liturgien. Rituale, kunnskap og høgtid! Diverre melde biskopen sjukefråvær. Men til stades var hennar underordna, prosten. I kyrkja kjende vi også på nærværet av hennar overordna...

Tekst: STEINAR DVERGSDAL / INGRID SØYLAND

Sjå ikkje bakover. Sjå framover, seier vi ofte. Men det er òg nyttig å glytte litt bakover. Slik det vart gjort under landslovjubileet på Ålhus i slutten av september. Dette vart openbert

også i jubileumsgudstenesta. Kristenretten og landslova. Menneskeverd og likeverd. Lov og dom framfor makt og sverd.

Ordførar Jenny Følling helsa i opninga. Ho var tekstlesar, saman med Kyrre Eikaas Ottesen, Annette Svidal Slåtten og Anita Nordheim. Prost Knut Magne Nesse heldt



Bygggraut i prestegarden under jubileet.



Barnespel.

ei glimrande preike frå den ærverdige mellomalder-preikestolen. Han var inno­met som ein kan kalle for prinsipp i Landslova, for «Guds døtrer» eller «dei fire englane». **Sanning, Forsoning, Miskunn og Fred.** Vend til ordføraren sa han at dette nok er omsyn som ho må kontrollere sakene mot. Kyrkjelyden vart imponerte av barnekor samansett av Jølster Barnespel og Korskulen i Førde. Orkesteret på galleriet, saman med songen frå festlyden, fylte den over 200 år gamle kyrkja med tonar og lydnivå som knapt har vore opplevd her for.

Etter den storslegne gudstenesta var det opning av den nye kulturmiljøløypa på Ålhus. Vandringa starta på kyrkjebakken, og tidsmessig kledde ungdomar frå teatergruppa «Teater Vestland Ung» fortalde om historia bak dei ulike stoppestadene. Også her stod Janne Karin Støylen bak tekstgrunnlag og manus. Ho er ein stor kapasitet!

Klokka 15 var det Mikkelsmesse – middag i prestegarden. Kari Støfringsdal lærde bort om kosthald i tidlegare tider. Så vart det servert byggraut til alle. Grauten gav energi til allsong så mektig at det dirra i veggene i prestegarden. Dette var punk­ tum for eit vidfemnande og storsleige program i landslojubileet på Ålhus!





«Svalene og kornet»

Feiringa av Landslovsjubileet på Ålhus var ei samanhengande stor oppleving for oss som fekk vere med på alle tilstellingane.

Tekst og foto: INGRID SØYLAND



Jølstringar flest kjenner nok til Audun Hugleikson og rolla han spelte i samband med Magnus Lagabøtes landslov. I høve jubileet framførte Silje prest ei forteljing om livet til Audun Hugleikson. For underskrivne var dette høgdepunktet på feiringa; Silje har ei unik formidlingsevne. Teksten er skriven av Janne Karin Støylen, og ho meistarar skrivekunsten til fulle. Munkekoret i bakgrunnen gjorde framsyninga komplett. Ein må berre håpe at det ikkje er siste gongen vi får sjå og høyre denne framføringa av Audun Hugleikson sitt liv. Her er nokre glimt frå forteljinga Silje framførde.



KYRKJELYDANE SIN JULETREFEST

Skei Misjonshus
27. desember (3.juledag) kl.17:00

Vassenden Kyrkjesenter
28. desember (4.juledag) kl.17:00

EIN PLASS  FOR ALLE

Born og unge i kyrkja i Jølster



Alle er hjarteleg velkommen til å vere med å feire julehøgtida, saman med små og store, på kyrkjelyden sin julefest.

Andakt, musikkinnslag, gang rundt juletreet.
God mat og tid til god prat.

Julefesten er open for alle,
så ta gjerne med familie og
vener

*Helsing Helgheim sokneråd,
Ålhus sokneråd, og
trusopplæringsutvalet i Jølster*



SONGSTUND OG ANDAKT

Klokka 14.00 i stova på
**VASSENDEN
OMSORGSSENTER**



Kvar tredje tysdag i månaden.
Datoar våren 2025

7. januar, 21. januar

4. februar, 18. februar

4. mars, 18. mars

1. april, 15. april (påskesamling)

6. mai, 27. mai

Alle er velkomne!

Helsing
fung. sokneprest Geir Sørebb
og organist Rune Molvik

Tid for tru i fastetida

Temagudstenester i Sunnfjord



Kyrkjelydane i «Sunnfjordkyrkja» samarbeider om eit felles opplegg som startar oskeonsdag.

Deretter fire torsdagar fram mot påske. Tid til ettertanke, bøn og fellesskap. Vi oppmodar folk om også å ta turen til kyrkja i nabosokna.

Samlingstidspunkt er klokka 19.00:

Oskeonsdag 5. mars – Førde kyrkje

Torsdag 13. mars – Helgheim kyrkje

Torsdag 20. mars – Sande kyrkje

Torsdag 27. mars – Naustdal kyrkje

Torsdag 03. april – Førde kyrkje

KONSERTAR

3. DESEMBER KL. 18:00
HELGHEIM KYRKJE

Julesong med Inge Ronny
Kvåle m/fl.

5. DESEMBER KL. 19:00
SKEI MISJONSHUS

Julekonsert med Jølster
Barnegospel

6. JANUAR KL. 20:00
ÅLHUS KYRKJE

Draumkvæde, konsert

9. MARS KL. 18.00

Songkveld med kveldsmat

SONGSTUND OG ANDAKT

Klokka 16.30 i stova på
SKEI OMSORGSSENTER



Fyrste og tredje tysdag
kvar månad.

Datoar våren 2025

7. januar, 21. januar (nattverd)

4. februar, 18. februar

4. mars (nattverd), 18. mars


1. april, 15. april (nattverd)
og påskesamling

6. mai, 27. mai

Alle er velkomne!

Helsing
fung. sokneprest Geir Sørebb
og organist Rune Molvik

Sjå www.kyrkja.no/jolster for meir informasjon om aktivitetar i sokna.

SPAR 
NETTBUTIKK
Alltid same pris
på nett som i butikk

VI HANDLAR FOR DEG!
Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølstraholmen eller
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25

MASKINENTREPRENØR
Ottar Dvergsdal AS
6843 SKEI



EIN SMAK AV TRADISJON
frå Anne Grete og Hilde

Søgnesand • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



COOP MARKED VASSENDEN
Måndag–fredag: 8–20
Laurdag: 8–18
Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no



COOP PRIX SKEI
Måndag–fredag: 8–22
Laurdag: 8–21
Tlf: 57 72 83 77
prix@coop.no

nordfjord SKIFER *Naturstein av høg kvalitet*

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804



Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no



Tlf. 57 82 70 30 • fjordan.no • eirik@fjordan.no



Støfvingdal • Tlf. 951 46 531 • fjordamattunet.no

ENTREPRENØR
Ivar A. Sunde AS 
6847 Vassenden



VASSENDEN TAXI

mob. 482 10022
Drosje, rullestolbil og minibuss



Åsen & Øvrelid as

Tlf. 57 72 38 50



Hytter, bubilplasser, båter, kajaker, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde AS
jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00

JØLSTER
BYGG OG INTERIØR

Tlf: 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook



Bilelaget AS
Erlend Slåtten
Slåtten Grind & Laft

TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?

Nokre som ringjer tenkjer på å ta sitt eige
liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT





DESEMBER

1. SØNDAG I ADVENTSTIDA
SØNDAG 01.12.

Ålhus kyrkje kl. 11:00

Familiegudsteneste
utdeling av 6-års boka i Ålhus sokn

1. SØNDAG I ADVENTSTIDA
SØNDAG 01.12

Helgheim kyrkje kl. 20:00

Lysmesse

2. SØNDAG I ADVENTSTIDA
SØNDAG 08.12

Førde Grendahus kl. 11:00

Familiegudsteneste

3. SØNDAG I ADVENTSTIDA
SØNDAG 15.12

Ålhus kyrkje kl. 14:00 mrk tida

Gudsteneste

JULAFATAN 24.12

Helgheim kyrkje kl. 14:00

Familiegudstenesete

Vassenden kyrkjesenter kl. 16:00

Familiegudsteneste

JULEDAG 25.12

Høgtidsgudsteneste

Helgheim kyrkje kl. 12:00

JANUAR

SØNDAG 05.01
KRISTI OPENBERRINGSDAG

Vassenden kyrkjesenter kl. 14:00

mrk tida

Gudsteneste

SØNDAG 12.01

2. SØNDAG I OPENBERRINGSTIDA

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste

SØNDAG 19.01

3. SØNDAG I OPENBERRINGSTIDA

Ålhus kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste

SØNDAG 26.01

4. SØNDAG I OPENBERRINGSTIDA

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Familiegudsteneste, med utdeling av bibelbok, 4.klassingar Helgheim sokn



FEBRUAR

SØNDAG 02.02

5. SØNDAG I OPENBERRINGSTIDA

Vassenden kyrkjesenter kl. 11:00

Gudsteneste

SØNDAG 09.02

6. OPENBERRINGSTIDA

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste

SØNDAG 16.02

SÅMANNSSØNDAGEN

Ålhus kyrkje kl. 14:00 mrk tida

Gudsteneste

MARS

SØNDAG 02.03

FASTELAVNSSØNDAG

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste

SØNDAG 09.03

1. SØNDAG I FASTETIDA

Ålhus kyrkje kl. 11:00

Familiegudsteneste med utdeling av bibelbok, 4.klassingar Ålhus sokn.

SØNDAG 16.03

2. SØNDAG I FASTETIDA

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste

SØNDAG 23.03

MARIA BODSKAPSDAG

Vassenden kyrkjesenter kl. 11:00

Gudsteneste

SØNDAG 30.03

3. SØNDAG I FASTETIDA

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste

Det kan bli endringar i gudstenestelista.

Det kan vere dåp i nesten alle gudstenester, ta kontakt med kyrkjekontoret om ynskje om dåp.

Nattverd er det i mange av gudstenestene.



Døypete



ÅLHUS SOKN

15.09 Henrik Øren Støfring
(døpt i Eikefjord kyrkje)

06.10 Brage Hoff Vestrheim
(døpt i Naustdal kyrkje)

Vassenden kyrkjesenter

27.10 Silje Stepanova

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

06.10 Hedda Støfring Hoff

06.10 Dagny Støfring Bjørke

06.10 Pia Skogøy Gryttingslien

27.10 Emelia Sunde Ripe

Gravferder



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje/Ålhus kyrkjegard

27.07 Inger Marie Øvrebø

Vassenden kyrkjesenter

/Vassenden gravplass

20.07 Christine Eldbjørg Andersen

12.09 Ester Eikås

27.09 Leon Ivar Årset

22.10 Oddvar Kjell Aarset

12.11 Magnhild Gjesdal

HELGHEIM SOKN

Ikkje gravferd i denne perioden

Tidebøn og open kyrkje

Kl. 11:00 Kvar tysdag er det Tidebøn og Open kyrkje på Vassenden kyrkjesenter. unntake dersom gravferd.

Sjå www.kyrkja.no/jolster for oppdatert informasjon om gudstenester og aktivitetar.

Samling og utdeling av bøker til 4- og 6-åringar

Bots- og bededag, 27. oktober, var det familiegudsteneste i Helgheim kyrkje. Der vart det delt ut bøker til 4- og 6-åringar i soknet. I framkant av gudstenesta hadde det vore samlingar for begge alderstrinn.

Samlingane vart toppa med gudsteneste der dei unge var med og deltok med song og rørslar til songane saman med kyrkjelyden.

Seinare same dag fekk 4-åringane i Álhus sokn utdelt bok, mens 6-åringane står for tur den 1. desember. Her er situasjonsbilette frå desse samlingane, samt eit bilete frå gudstenesta etter Lys Vaken-leiren for 5.-6. klassingar frå heile Jølster. Denne leiren vart halden på Vassenden kyrkjesenter 9.-10. november.

Lys vaken

Søndag 10. november var det «lys vaken-gudsteneste» for to skuleklassar i Jølster, i kyrkja på Vassenden.

Tekst og bilete:
STEINAR DVERGSDAL

Ungdomane hadde vore der frå laurdag og overnatta på Kyrkjesen-teret. Søndag arrangerte dei guds-teneste saman med Silje Sørebo.

Teksten var om Jesus i Kaper-naum. Folk samla seg rundt han. Vener av ein lam person slapp ikkje til. Då fira dei den lamme ned gjen-nom taket framfor Jesus. Dine syn-der er deg forlatne. Ta bára di og gå.

Dette skjedde også i Kyrkjesen-teret. Personen, ein av dei «lys vak-ne», reiste seg, tok bára og gjekk ned midtgangen og ut av kyrkje-rommet. Visdomsorda frå Silje: **Den som ber om hjelp, skal ikkje vera hjelpelaus!**

